

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 15/02428-3
Arkivkode. ---
Saksbehandler Morten Mastrup

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	22.02.2016	13/16

Høyringsuttale - nytt inntektssystem for kommunane

Saka vert avgjort av:

Formannskapet

Vedlegg:

Utdrag frå :

Underlag for høyringsuttale for kommunar BTV -samarbeidet

Notat fylkesmannen i Buskerud

Fylgjebrev frå departementet (KMD) kring høyringsnotatet

Dokument i saka:

Notat frå Runar Hanevold hjå fylkesmannen av 26.01.2016

Høyringsnotat kring nytt inntektssystem frå departementet (KMD)

Underlag for høyringsuttale for kommunar i BTV-samarbeidet

Saksopplysningar:

Kommunal -og moderniseringsdepartementet har sendt ut forslag til nytt inntektssystem for kommunane. Høyringsfrist er 1 mars. Modellen tek sikte på konkrete endringar på kostnadsnøklar som styrar den delen av rammetilskotet som går på å utjamne utgiftar. Det er naturleg å gjera endringar på dette området etter kvart som samfunnsutviklinga går sin gang. Meir prinsipielt er om kommunane skal få kompensert for alle smådriftsulemper eller om systemet skal differensiere på frivillige og ufrivillige utgifter knytt til smådriftsulemper i tenesteproduksjon. Forslaget legg opp til at inntektssystemet sjåast i samanheng med kommunereforma. Notatet drøftar og korleis inntektsskatten og selskapsskatten fordelast mellom kommunane. Skal selskapsskatt igjen bli ein communal skatt? Og i kva grad skal inntektsskatten fordelast.

Ål tapar tilskot på 1,181 mill.kr med den nye modellen. Her er 181 000 kr knytt til kostnadsnøklar og kriterier i utgiftutjamninga. Vidare ca. 1000 000 kr i tapt tilskot ved å gå frå dagens modell med basistilskot (likt for alle kommunar) til eit tilskot som er basert på å skilje mellom frivillig eller ufrivillig smådriftsulemper (strukturkriterium).

Forhold til overordna plan:

Endring på inntektssystemet vil ha verknad på framtidig økonomiplan.

Miljøkonsekvensar:

Ingen kjente

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ikkje relevant

Økonomiske konsekvensar:

Ål kommune vil kunne tape på ein omlegging av inntektssystemet.

Vurdering:

Inntektssystemet er komplisert og krevjande å få oversyn over på detaljnivå.

Kommunen bør sjå på dei prinsipielle endringane og den retning systemet legg opp til i sine uttaler.

Ål kommune bør soleis nytte seg av KS og BTV-samarbeidet for å koma fram til høvelege innspel i slike høyringsrundar, og også drøfte med fagansvarlege i nabokommunane.

At Ål kommune tapar 181 000 kr på omgjering av nøklar når det gjeld befolkningssamansetning, levekår, reiseavstand og andre strukturelle forhold kan ikkje vera avgjerande. Når det gjeld andre moglege endringar vil dei slå meir negativt ut. Mellom anna omlegging av basistilskotet med eit strukturkriterum.

Rådmannen foreslår at Ål kommune leverer uttale på dei endringane som er mest relevant for kommunen.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommune gjev denne uttala kring nytt inntektssystem:

- Den skisserte modellen for endring av basistilskot gir betydelege verknader på omfordeling ut over det som er formålet med endringane. Modellen bør revurderast.
- Omfanget av regionalpolitiske tilskot bør konkretiserast og sjåast i samanheng med andre regionalpolitiske verkemidlar.
- Det bør vurderast om ordninga med storbytilskot skal vidareførast. Omfanget bør justerast ned dersom det vert vedteke andre endringar i inntektssystemet som slår positivt ut for folkerike kommunar.
- Skjønnstilskot bør ikkje nyttast som regionalpolitiske verkemiddel, men berre nyttast til forhold som ikkje vert fanga opp av kostnadsnøkkelen samt hendingar som ein ikkje kan sjå på førehand.
Skjønnsramma bør dermed ha likare fordeling mellom fylker (pr. innbyggjar).
- For å sikre likeverdige tenester til innbyggjarane i alle kommunar, bør skatteandelen haldast låg og skatteinntekter bør utjamnast minst på nivå med dagens ordning.
Skatteandelen bør vidareførast på 40 % av samla inntekter.
Skatteutjamningsgraden i den symmetriske delen av inntektsutjamninga bør vera minst 60 %.
- Ein bør vurdere på nytt om den vedtekne modellen for selskapsskatt vil gi ønska effekt.

ÅI, 17.02.2016

Tone Tveito Eidnes
Rådmann

Morten Mastrup
økonomisjef

1. Formannskapet har behandlet saken i møte 22.02.2016 sak 13/16

Behandling

Økonomisjef Morten Mastrup orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Det kom ingen nye framlegg.

Votering

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak

ÅI kommune gjev denne uttala kring nytt inntektssystem:

- Den skisserte modellen for endring av basistilskot gir betydelege verknader på omfordeling ut over det som er formålet med endringane. Modellen bør revurderast.
- Omfanget av regionalpolitiske tilskot bør konkretiserast og sjåast i samanheng med andre regionalpolitiske verkemidlar.
- Det bør vurderast om ordninga med storbytilskot skal vidareførast. Omfanget bør justerast ned dersom det vert vedteke andre endringar i inntektssystemet som slår positivt ut for folkerike kommunar.
- Skjønnstilskot bør ikkje nyttast som regionalpolitiske verkemiddel, men berre nyttast til forhold som ikkje vert fanga opp av kostnadsnøkkelen samt hendingar som ein ikkje kan sjå på førehand.
Skjønnsramma bør dermed ha likare fordeling mellom fylker (pr. innbyggjar).
- For å sikre likeverdige tenester til innbyggjarane i alle kommunar, bør skatteandelen haldast låg og skatteinntekter bør utjamnast minst på nivå med dagens ordning.
Skatteandelen bør vidareførast på 40 % av samla inntekter.
Skatteutjamningsgraden i den symmetriske delen av inntektsutjamninga bør vera minst 60 %.
- Ein bør vurdere på nytt om den vedtekne modellen for selskapsskatt vil gi ønska effekt.

RETT UTSKRIFT
DATO 26.februar.2016